

# HANDLINGSPLAN 2025 - 2027

## FJORDVEGEN RIKSVEG 13 SITT FØREMÅL (frå vedtekten):

- 1 Å arbeida for oppgradering og vedlikehald av riksveg 13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard for heile strekninga.
- 2 Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen mellom Stavanger og Sogndal.

## HANDLINGSPLANEN stettar hovudmåla for 3-årsperioden:

- Fjordvegen Riksveg 13 skal verta den viktigaste reiskapen for regionar, kommunar og verksemder til å skaffa midlar til rassikring, fullverdig vegstandard utan standardbrot og med gul stripe på Rv 13.
- Fjordvegen Riksveg 13 skal målretta støtte reiselivet i Fjordveg-regionen for auka konkurransekraft basert på lokale opplevingar.

### 1. PROFILERING:

#### Intern og ekstern profilering og marknadsføring

Legitimiteten og effekten av selskapet er avhengig av kjennskap til og eigarskapen til selskapet sitt arbeide.

Selskapet skal spissa bodskapen sin og vera tydelege på kva føremoner medlemmer vil få av å nytta selskapet. Næringsutvikling i Fjordveg-regionen skal fokuserast.

### TEMA

**1.1. Medlemspleie.** Selskapet har som mål å ha direkte kontakt med alle kommunestyra og alle næringsforeiningar minst ein gong pr valperiode. Dette for å orientera og inspirera til aktivt arbeid for Fjordveg-regionen, og å bruka Fjordvegen Riksveg 13 som samarbeidsorgan for sine veginitiativ.

#### 1.2. Eigne informasjons- og dialogkanalar:

##### Nettsida [www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no)

- Ei god informasjonsside for publikum, styret og andre politikarar. Sidene vert vidareutvikla og oppdaterte. Lenker til alle medlemmer og næringsfokus blir vidareført.

**Facebook- og Instagramprofilar** – skapa merksemd og vera opne arena for ytringar og dialog og nærmere kontakt med befolkninga i Fjordvegregionen

**Nyheitsbrevet Fjordvegdrøsen** kjem ut minst 3 gongar/år. Det profesjonelle epost-verktøyet blir og bruk til informasjon og invitasjonar utover medlemma.

**Media:** Informasjon i samband med konferansar, viktige møte, tema i tråd med føremålet og uttalar.

**1.3. Årskonferansen** skal fremja selskapet sitt hovudføremål, skapa brei arena for debatt om aktuelle tema og bidra til målretta nettverksbygging nasjonalt og over fylkesgrenser, rekruttering og god ekstern og intern profilering. Dagskonferansen har deltakaravgift for å gå i balanse og sirkulerer mellom medlemsfylka.

## **2. PÅVERKNAD:**

### **Øva trykk på kontinuerleg utvikling av tiltak langs Rv 13.**

Gjennomslag hos løvvande myndigheter er avhengig av god og spissa informasjon, truverdige nettverk og pågående og kontinuerleg arbeid frå styret og administrasjon i eit samspel.

#### **2.1. Påverknad og samarbeid med sentrale styresmakter**

#### **2.2. Samarbeid med utførande aktørar med ansvar for riksveg 13, Statens vegvesen og Nye Veier AS.** Systematisk kontakt, fagleg oppdatering og nettverksbygging.

#### **2.3 Støtta kommunar og regionar** i deira aktuelle veggtiltak langs Rv 13 og øva påverknad i samarbeid med dei. Utvikle kontaktnett på relevante nivå.

#### **2.4 Fylkeskommunane** som aktive medlemmer og strategiske alliansar.

#### **2.5 Støtta næringsmedlemmer og reiselivsmedlemmer** i arbeidet deira.

Prioritere å utvikla og bruka strategisk nettverk i grensesnittet samferdsel – næringsliv.

Vegbasert heilårsreiseliv, reiseruteutvikling og satsinga på Nasjonale turistvegar skal ha spesielt fokus.

#### **2.6 Betre kunnskapsgrunnlag for politisk påverknad.** Fremja faglege utgreiingar o.a. som gir betre argument-base og merksemrd rundt rassikring og utbetringsarbeid generelt og riksveg 13 spesielt. Presentasjonar for bruk av styremedlemma til sine parti og på andre arenaer skal kunne leverast raskt.

#### **2.7 Utvikla alliansar** som t.d. Nasjonal rassikringsgruppe og andre vegselskap. Skipa felles arenaer ved behov.

## **3. MEDLEMSKAP:**

### **Fleire medlemmer.**

Arbeida kontinuerleg for å tilfredsstilla medlemmene sine samferdselsmessige behov knytt til Riksveg 13.

**Arbeida for** at alle kommunane, alle næringsforeiningar og stadig fleire enkeltbedrifter langs og rundt Rv 13 vert medlem i perioden 2025-27.